



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

---

Hardangerbrua AS

Vår sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Dykkar ref.:  
Vår ref: 2014/109  
Vår dato: 01.03.2016

### **Partsbrev - Selskapskontroll av Hardangerbrua AS - Oppfølging**

Med helsing

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til:  
Eidfjord kommune  
Ordførar  
Rådmann  
Utvalseiar  
Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

Arkivsak: 216  
 Arkivnr: 2014/109-26  
 Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	8/16	19.02.2016

## Selskapskontroll av Hardangerbrua AS - Oppfølging

### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet mottok våren 2014 invitasjon frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune om å delta i felles selskapskontroll av Hardangerbrua AS. Eidfjord kommune samt Voss kommune, Ulvik herad, Ullensvang herad og Kvam herad takka ja til å delta i denne felles selskapskontrollen.

Revisjonsrapport vart handsama i kommunestyret i Eidfjord kommune 23.03.15 i sak 16/15 der det vart gjort slikt vedtak:

«På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hardangerbrua AS, ber kommunestyret om at:

#### **Hardangerbrua AS syter for å:**

1. Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
  - Utarbeide styreinstruks
  - Gjennomføre eigenevaluering for styret
  - Tilbod om opplæring for styrerepresentantar
  - Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver
  - Utarbeide årleg plan for styret sitt arbeid
  - Slutte seg til KS sitt styrevervregister
2. Gjennomgå selskapet sine system og rutinar for innkjøp og sikrar at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.
3. Gjennomgå sine rutinar for journalføring og vurderer korleis ein kan få selskapet sin postjournal i samsvar med krav til journalføring i arkivforskrifta.
4. Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.
5. Det vert laga ein handlingsplan innan 01.06.15., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

### Drøfting:

**Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ba Hardangerbrua AS om oppfølging i saka 05.01.2016 slik:**

«Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama «Handlingsplan Hardangerbrua AS» etter

*selskapskontroll av selskapet, i møte 24.8.15 og det vart gjort slikt vedtak:*

*Kontrollutvalet ser positivt på at Hardangerbrua AS har sett i verk nokre av tiltaka som går fram av vedtaket i fylkestinget. På bakgrunn av at det er planlagt at fleire av tiltaka, punkt 1 og 4, skal setjast i verk i samband med hhv. valet hausten 2015 og for rekneskapsåret 2016, ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.12.2015.»*

**Svar frå Hardangerbrua AS dagsett 14.1.16 ligg ved. Av svaret har sekretariatet registrert følgjande:**

I høve punkt 1 i vedtaket er styreinstruks utarbeidd og vedteke av styret. Dei andre kulepunktka i punkt 1 er planlagt gjennomført i februar 2016 / etter årsmøtet 2016. Når det gjeld punkt 4 går det fram av svaret at denne kan kanskje forberast noko.

**Konklusjon:**

På bakgrunn av det som går fram av svaret tilrår sekretariatet at og kontrollutvalet i Eidfjord ber om nytt utfyllande svar på resten av kulepunktka i punkt 1 og punkt 4 etter at årsmøtet er halde, t.d. med frist til 30.6.16.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet i Eidfjord registrerer at Hardangerbrua AS har fått på plass styreinstruks for selskapet. Det vert også registrert at resten av kulepunktka i punkt 1 og punkt 4 ikkje er ferdig enno, men at dette vil vera ferdig når årsmøtet i selskapet er halde i løpet av første halvår 2016. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny tilbakemelding på punkt 1 og 4 innan 30.6.16.

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Eidfjord kommune - 19.02.2016**

**Handsaming i møtet:**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet i Eidfjord registrerer at Hardangerbrua AS har fått på plass styreinstruks for selskapet. Det vert også registrert at resten av kulepunktka i punkt 1 og punkt 4 ikkje er ferdig enno, men at dette vil vera ferdig når årsmøtet i selskapet er halde i løpet av første halvår 2016. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny tilbakemelding på punkt 1 og 4 innan 30.6.16.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Selskapskontroll av Hardangerbrua AS - Oppfølging
- 2 Styreinstruks Hardangerbrua AS